


## Nozibele og dei tre hårstråa

 Tessa Welch

 Wiehan de Jager

 Marzieh Mohammadian Haghighi

 persisk / nynorsk

 nivå 3

(uten bilder)

در زمان های خیلی دور، سه دختر برای جمع آوری چوب به بیرون از خانه رفتند.

...

For lenge, lenge sidan gjekk tre jenter ut for å samla ved.

روز گرمی بود بنابراین آنها به سمت رودخانه رفتند تا شنا کنند. آنها  
بازی کردند و آب بازی کردند و در آب شنا کردند.

...

Det var ein varm dag, så dei gjekk ned til elva for  
å symja. Dei leikte og plaska og sumde i vatnet.

ناگهان، آنها فهمیدند که دیر شده است. آنها با عجله به روستا  
برگشتند.

...

Plutseleg merka dei at det var vorte seint. Dei  
skunda seg tilbake til landsbyen.

وقتی که نزدیک خانه بودند، نوزیبله دستش را روی گردنش گذاشت. او گردنبندش را فراموش کرده بود! او از دوستانش خواهش کرد، “خواهش می‌کنم با من بیایید!” ولی دوستانش گفتند الان خیلی دیر وقت است.

...

Då dei var nesten heime, la Nozibele handa på halsen. Ho hadde gløymt halsbandet! “Ver så snill å dra tilbake saman med meg!” trygla ho veninnene sine. Men veninnene hennar sa at det var for seint.

بنابراین نوزیبله تنهایی به رودخانه برگشت. گردنبندش را پیدا کرد و با عجله به خانه برگشت. ولی او در تاریکی گم شد.

...

Så Nozibele gjekk tilbake til elva åleine. Ho fann halsbandet og skunda seg heim. Men ho gjekk seg vill i mørket.

در طول مسیرش او نوری را دید که از یک کلبه ای می آمد. او با عجله  
به سمت آن را رفت و در زد.

...

I det fjerne såg ho lys som kom frå ei hytte. Ho  
sprang mot hytta og banka på døra.

درکمال تعجب، یک سگ در را باز کرد و گفت، "چه می خواهی؟"  
نوزیبه گفت، "من گم شده ام و برای خوابیدن دنبال جایی  
می گردم." سگ گفت، "بیا داخل، وگرنه گازت می گیرم!" پس نوزیبه  
به داخل کلبه رفت.

...

Så forundra ho vart då det var ein hund som opna  
døra og sa: "Kva er det du vil?" "Eg har gått meg  
vill og treng ein stad å sova", sa Nozibelev. "Kom  
inn, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibelev  
gjekk inn.



بعد سگ گفت، "برایم غذا بپز!" نوزیبله جواب داد، "ولی من تا حالا برای سگ آشپزی نکرده ام." سگ گفت، "آشپزی کن وگرنه من تو را گاز می‌گیرم." بنابراین نوزیبله مقداری غذا برای سگ درست کرد.

...

Då sa hunden: "Lag mat til meg!" "Men eg har aldri laga mat til ein hund før", svara ho. "Lag mat, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele laga litt mat til hunden.

سپس سگ گفت، "تختم را برایم مرتب کن!" نوزیبله در جواب گفت،  
"من تا به حال تخت سگ را مرتب نکرده ام." سگ گفت، "تخت را  
مرتب کن وگرنه گازت می گیرم!" پس نوزیبله تخت را مرتب کرد.

...

Då sa hunden: "Rei opp senga for meg!" Nozibele  
svara: "Eg har aldri reidd opp senga for ein  
hund." "Rei opp senga, elles bit eg deg!" sa  
hunden. Så Nozibele reidde opp senga.

هر روز او مجبور بود که برای سگ آشپزی، جارو و شست و شو کند. سپس یک روز سگ گفت، “نوزیبله، امروز من باید به دیدن چند تا ازدوستانم بروم. خانه را جارو کن، غذا را درست کن و چیزهایم را بشورتا قبل از اینکه به خانه برگردم.

...

Kvar dag måtte ho laga mat og feia og gjera reint for hunden. Så ein dag sa hunden: “Nozibele, i dag må eg vitja nokre vener. Fei huset, lag mat og gjer reint før eg kjem tilbake.”

به محض اینکه سگ رفت، نوزیبله سه نخ از موهای سرش را کند. او یک نخ را زیر تخت، یکی را پشت در، و یکی را روی حصار گذاشت. سپس با سرعت هرچه تمام تر به سمت خانه دوید.

...

Så snart hunden var dregen, tok Nozibele tre hårstrå frå hovudet sitt. Ho la eitt hårstrå under senga, eitt bak døra, og eitt i innhegninga. Så sprang ho heim så fort ho orka.

وقتی که سگ برگشت، دنبال نوزیبله گشت. داد زد، "نوزیبله تو کجایی؟" اولین تار مو گفت، "من اینجا هستم، زیر تخت." "تار موی دوم گفت، "من اینجا هستم، پشت در" تار موی سوم گفت، "من اینجا هستم، روی حصار."

...

Då hunden kom tilbake, leitte han etter Nozibele. "Nozibele, kor er du?" ropte han. "Eg er her, under senga", sa det første hårstrået. "Eg er her, bak døra", sa det andre hårstrået. "Eg er her, i innhegninga", sa det tredje hårstrået.

آنگاه سگ فهمید که نوزیبله به او حقه زده. پس او همه ی راه های  
روستا را دوید و دوید. ولی برادران نوزیبله با چوب های بزرگ آنجا  
ایستاده بودند. سگ برگشت و فرار کرد و از آن موقع به بعد ناپدید  
شد.

...

Då skjønnte hunden at Nozibele hadde lurt han. Så  
han sprang og sprang heile vegen til landsbyen.  
Men der venta brørne til Nozibele med store  
kjeppar. Hunden snudde seg og sprang bort, og  
han har ikkje vorte sett sidan.



# Barnebøker for Norge

[barneboker.no](http://barneboker.no)

نوزیبله و سه تار مو

## Nozibele og dei tre hårstråa

Skrevet av: Tessa Welch

Illustret av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Marzieh Mohammadian Haghighi (fa), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook ([africanstorybook.org](http://africanstorybook.org)) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge ([barneboker.no](http://barneboker.no)), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons  
[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).